

PLANFØRESESEGNER FOR LIARINDEN BUSTADOMRÅDE, MASFJORDEN KOMMUNE

GNR. 37 BNR. 87 m. fl.

PlanID: 126620120002 (pbl § 12-7)

Saksnummer: 11/765

Dato sist revidert: 11.12.2012

Saksnummer: 089/20

Endring etter forenkla prosess: 2.10.2020

Endring etter forenkla prosess: 05.10.2023

Reviderte føresegner av 29.12.2023

Føremålet med planforslaget er å regulere området for bustadar og småbåthamn med tilhørende infrastruktur.

VERKNADER AV PLANEN

Områdeplanen er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova (Pbl.) § 12-7.

Føresegnerne er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk jf. Pbl. § 12-4.

Den formelle delen av planen er:

Plankart i målestokk 1:1000, datert

05.09.20231 og

Føresegner revidert 29.12.2023.

Føresegnerne inneholder både generelle føringar som gjeld for fleire arealbruksføremål og særskilde føresegner knytt til det einskilde arealbruksføremålet.

FØRESEGNER

§ 1 GENERELT

§ 1.1 Det regulerte området er vist på plankart i mål 1:1000, datert 05.09.2023.

§ 1.2 Planområdet skal nyttast til fylgjande føremål:

1.Bygningar og anlegg
(Pbl § 12-5 ledd nr 1)

- Bustadar-frittliggjande-småhus
- Andre kommunaltekniske anlegg
- Uthus/naust/badehus
- Uteoppholdsareal
- Leikeplass

2.Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
(Pbl § 12-5,ledd nr 2)

- Køyreveg
- Fortau
- Gangveg
- Anna veggrunn – grøntareal
- Kollektivhaldeplass

3.Landbruk, natur- og friluftsområde
(Pbl § 12-5 ledd nr 5)

- Naturføremål

4.Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone

(Pbl § 12-5 ledd nr 6)

- Småbåthamn

- Friluftsområde i sjø og vassdrag

5.Omsynssone

(Pbl § 12-ledd nr 6 & 11-8 a)

- Frisiktsone ved veg

§ 2 FELLES FØRESEGNER

§ 2.1 Byggegrenser

2.1.1 Bygg skal plasserast innanfor byggegrensa.

2.1.2 Byggegrenser skal ligge som vist i plankartet. Byggjegrensene er sett 30 meter fra senterlinje Fylkesveg 570, og 4 meter fra tomtegrenser og nye vegar i planen. I tomtegrensene mellom tomannsbustadane er det ikkje sett byggjegrensene.

2.1.3 Parkeringsplassar, støttemurar og tiltak nemnd i Pbl § 29-4 kan plasserast nærmere nabogrensa enn regulerte byggegrenser. Frisiktonene skal haldast fri for tiltak.

§ 2.2 Dokumentasjon ved søknad om løyve til tiltak

2.2.1 Ved innsending av søknad om løyve til tiltak skal det leggjast ved teikningar av plan,

snitt og fasadar, profilar og situasjonsplan i målestokk 1:500 der det vert gjort greie for universell utforming, avkøyrslar, eksisterande og framtidig terreng, vegetasjon, forholdet til nabobygg, eventuelle murar, trapper og gjerder.

2.2.2 Ved innsending av søknad om løyve til køyrevegar skal det ligge føre prosjekteringsunderlag som i tillegg til køyrevegen si nøyaktige plassering i horisontal- og vertikalplan, skal vise fyllings- og skjeringsområde.

2.2.3 Tiltak i sjø som fell inn under hamne- og farvasslova må godkjennast av hamnemynde.

§ 2.3 Rekkjefølgje

2.3.1 Før det vert gjeve byggeløyve i planområdet skal VA-plan for området vere godkjend av kommunen.

2.3.2 Det kan ikkje gjevast bruksløyve til bustadar før den har vassforsyning og avlaup.

2.3.3 Vassforsyningsanlegg skal vere godkjend av Mattilsynet, distriktskontor for Bergen og omland jf. Drikkevannforskriften §§ 8 og 9, før bruksløyve til bustader vert gjeve.

2.3.4 Det kan ikkje gjevast bruksløyve til bustadar før veg til tomta er ferdig opparbeidd.

2.3.5 Det vert ikkje gjeve igangsettingssløyve til meir enn ti bustader før busshaldeplassar og tilkomst til desse er ferdig opparbeidd og godkjent av kommunen og vegmynde.

§ 2.4 Universell utforming

2.4.1 Ved prosjektering av tiltak skal prinsipp om universell utforming leggast til grunn.

§ 2.6 Automatisk freda kulturminne og kulturminne i sjøområda

2.6.1 Dersom det under anleggsarbeid vert funne automatisk freda kulturminne, i form av til dømes helleristningar, flint, brent leire, keramikk, groper med trekol og/eller brent stein etc., skal arbeidet stoggast og Vestland

fylkeskommune skal underrettast, jf. Lov om kulturminne §8,2. ledd.

2.6.2 Dersom det under mudring, utfylling eller anna arbeide i sjøområda vert påvist skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, skal arbeidet stoggast og Bergen Sjøfartsmuseum underrettast.

§ 3 BYGNINGAR OG ANLEGG

(Pbl § 12-5 ledd nr 1)

§ 3.1 Bustadar-frittliggjande-småhus (BF01 – BF03)

3.1.1 I områda BF01 og BF02 kan det tillatast einebustadar.

3.1.2 I området BF03 kan det tillatast tomannsbustadar.

3.1.3 Det er tillate å oppføre éin bustad per tomt, og det skal settast av areal for to bilar per bustadeining.

3.1.4 Høgste tillate bygd areal for BF01 og BF02 er 35% inkludert parkeringsareal.

3.1.5 Høgste tillate bygd areal for BF03 er 40 % inkludert parkeringsareal.

3.1.6 Maksimal mønehøgd i planert terreng er vist i plankartet. Høgste tillate byggjehøgd er 9 meter.

3.1.7 Utbygging skal tilpassast terreng.

§ 3.2 Andre kommunaltekniske anlegg (f_ØK01 – f_ØK04)

3.2.1 Andre kommunaltekniske anlegg er areal for renovasjonshandsaming, postkasseanlegg og liknande.

3.2.2 Områda er felles for bustadane i planen.

§ 3.3 Uthus/naust/badehus (f_U/N/B.01 – f_U/N/B.02)

3.3.1 Områda U/N/B.01 og U/N/B.02 er felles for dei som disponerer båtplassar knytt til områda.

3.3.2 I områda er det tillate å oppføre naust knytt til båthald og liknande.

3.3.3 Nausta kan oppførast med maksimal mønehøgde 5 meter, og grunnflate på maksimalt 40m².

3.3.4 Utbygging i skal tilpassast terrenget det kan ikkje gjerast omfattande terrenginngrep i områda.

3.3.5 Det vert tillate etablering av ladepunkt for el-båtar.

§ 3.4 Uteoppahaldsareal (f_UA01 og f_UA02)

3.4.1 Områda er felles for bustadar i planen.

§ 3.5 Leikeplass (f_LEIK01 og f_LEIK02)

3.4.1 Områda er felles for bustadar i planen.

3.4.2 Områda skal utstyrt med sitjegruppe og leikeapparat, til dømes sandkasse, huskestativ og sklie.

3.4.3 Sikringstiltak som gjerder eller anna kan etablerast i områda til grensene.

§ 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (Pbl § 12-5, ledd nr 2)

§ 4.1 Køyreveg (o_KV01 – o_KV05)

4.1.1 o_KV01 er offentleg. Vegen er fylkesveg og regulert som dagens veg ligg.

4.1.2 o_KV02 – o_KV03 er offentlege vegar regulert til 5m breidde.

4.1.3 o_KV02 er samleveg knytt til fylkesvegen, og skal videreførast mot sør ved eventuell utbygging i områda sør for planen.

4.1.4 o_KV05 er offentleg. Tomt 17-20 i BF01 skal ha tilkomst frå vegen.

§ 4.2 Fortau (o_FT01 – o_FT03)

4.2.1 Fortaua er offentlege og regulert 2,5m breie.

§ 4.3 Gangveg (o_G01 og G02)

4.3.1 Gangvegane går frå o_KV03 til naustområda.

4.3.2 Gangvegane skal ikkje ha fast dekke, og skal ikkje nyttast som køyreveg.

4.3.3 Det vert tillate etablering av trapp i G02.

§ 4.4 Anna veggrunn – grøntareal (o_AVG01 - o_AVG04)

3.4.1 Områda er offentlege og ligg langs fylkesvegen og o_KV02.

3.4.2 Områda kan nyttast til tekniske anlegg knytt til vegane.

3.4.3 Områda skal dekkast med jord og skal tilpassast opphavleg vegetasjon.

§ 4.5 Kollektivhaldeplass (o_KH01 og o_KH02)

4.5.1 Kollektivhaldeplassane er offentlege og ligg langs Fv 570.

4.5.2 Kollektivhaldeplassane skal vere knytt til planområdet med fortau før dei kan takast i bruk.

§ 5 LANDBRUK, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT (Pbl § 12-5, ledd nr 5)

§ 5.1 Naturformål (f_LNFRN01 – f_LNFR03)

5.1.1 I områda f_LNFRN01 – f_LNFRN03 skal vegetasjon og natur takast i vare.

5.1.2 Det vert tillate fyllingar og skjeringar i områda. Fyllingar skal tilsåast og plantast.

§ 6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE (Pbl § 12-5, ledd nr 6)

§ 6.1 Småbåthamn (f_SH01 og f_SH02)

6.1.1 I områda vert det tillate flytebryggje for småbåtar.

6.1.2 Det er tillate med 29 båtplassar for f_SH01 og 29 båtplassar for f_SH02.

6.1.3 Tiltak i sjø i samband med etablering av småbåthamn må utførast utanom torsken si gyttetid, som er mellom 15.januar til 1. mai.

§ 6.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag (o_FSV01)

6.2.1 Området er offentleg for fri ferdsle i sjø.

§ 7 OMSYNSSONE

§ 7.1 Frisiktsone veg

7.1.1 I området med frisiktsone ved veg, skal det ved avkøyrlar vere fri sikt i ein høgde av 0,5meter over tilgrensande veg sitt plan.